


Jord og jern

Ein folkekjær modernist

☞ Rolf Jacobsen (1907–1994) blir rekna som ein av våre aller største lyrikarar. Han er også ein av dei få norske lyrikarane med internasjonal suksess. Diktsamlingane hans er omsette til fleire språk.

☞ Modernistisk litteratur får oss ofte til å tenkje på vanskeleg tilgjengelege tekstar, men lyrikken til Jacobsen er eit unntak. Jacobsen skriv inkluderande og filosoferande, og lyrikken hans tek opp emne som identitet og røyndom i eit språk som når fram til mange.

☞ Rolf Jacobsen var fødd i Kristiania, men slo seg til slutt ned på Hamar, der han arbeidde som journalist og bokhandlar. Han debuterte i 1933 med diktsamlinga *Jord og jern*. I 1935 kom samlinga *Vrimmel*, men så skulle det gå 16 år til neste utgiving, *Fjerntog* (1951).



Rolf Jacobsen. Foto: Tom A. Kolstad / Aftenposten / Scanpix

☞ Andre verdenskrigen markerte eit skilje i Jacobsens liv og forfattarskap. I 1940 melde han seg inn i Nasjonal Samling, og som redaktør i «Glåmdalen» skreiv han fleire tyskvennlige artiklar under krigen. For dette vart han i 1946 dømd til straffarbeid i tre år og seks månader. Etter krigen tok han eit oppgjær med fortida. Han konverterte til den katolske trua, samstundes som han orienterte seg mot venstre i det politiske landskapet.

☞ For arbeidet sitt som lyrikar fekk Jacobsen fleire prisar, mellom anna Doblougprisen, Aschehougprisen og Svenska Akademiens nordiske pris. Han vart også innstilt til Nordisk råds litteraturpris fire gonger.

*Rolf Jacobsen tek imot
kritikarprisen av leiaren i
Norsk litteraturkritikarlag,
Magli Elster, i 1960.
Foto: Aftenposten / Scanpix*



Jord og jern (1933)

☛ Debutsamlinga til Jacobsen, *Jord og jern*, har to delar. Den første delen omfattar fleire utradisjonelle naturdikt, mens dikta i andre delen handlar om den moderne bykulturen. Underjordiske kloakksystem, telefonleidningar, kraftstasjonar, raske bilar og fly er like naturlege motiv for Jacobsen som skog, fjell, vatn, fuglar og måneskin.

☛ I desse dikta står ikkje natur og moderne sivilisasjon i direkte motsetning til kvarandre, det tyder også tittelen *Jord og jern* på. Begge verdene finst, dei eksisterer ved sida av kvarandre, og menneska høyrer heime begge stader.

☛ Somme dikt i *Jord og jern* formidlar ein sterk fascinasjon for den teknologiske utviklinga, men stort sett er Jacobsen meir tvisynt i skildringa av den moderne

sivilisasjonen: Trass i at teknologien kan begeistre og gjere livet meir makeleg for oss, gir han ikkje noko svar på dei eksistensielle spørsmåla våre. Framsteget gjer oss heller ikkje meir lykkelege.



Foto: Scanpix

Grøn poesi



Foto: Jon Hauge / Aftenposten / Scanpix

☞ Det var først i byrjinga av 1960-åra at miljøproblema tok til å bli allment kjende og problematiserte, men Jacobsen var tidleg ute med å varsle om skuggesidene ved den teknologiske utviklinga. Diktet «Landskap med gravemaskiner» frå 1954 blir rekna som det første «grøne» diktet i Noreg.

☞ I *Jord og jern* teiknar Jacobsen stort sett eit positivt bilete av den teknologiske

utviklinga. Utviklinga står ikkje i kontrast til naturen, ho kjem *i tillegg*. Men i diktet «Landskap med gravemaskiner» skildrar Jacobsen ein natur som er truga av teknologien. Det er naturen som betaler prisen for framsteget.

☞ Både natur og maskinar er menneskeleggjorde i «Landskap med gravemaskiner», og det er naturen sjølv som observerer og reflekterer over det som skjer. Maskinane er framstilte som menneskelege slavar: «Maskinene også er ofre, med blindede øyne og lenker om føttene.» Det er menneska som styrer maskinane, og det er menneska som er ansvarlege for den trugande utviklinga.

☞ Men dette blir ikkje sagt direkte i diktet. Menneska er faktisk ikkje nemnde i det heile, dei er usynlege bak maskinane sine. Slik kan lesaren få inntrykk av at den øydeleggjande utviklinga har sin eigen dynamikk, uavhengig av alt og alle. Ho kan ikkje stansast.

Politisk engasjement og samfunnskritikk

☛ Jacobsen såg også tidleg faresignala ved medie- og forbrukssamfunnet som




utvikla seg i etterkrigsåra. Påstanden hans var at kommersialiseringa av samfunnet førte folk bort frå kvarandre og bort frå seg sjølve.

☛ I førstninga av 1970-åra førte USAs harde krigføring og overgrep mot sivilfolket i Vietnam til massive protestar frå mange kunstnarar. Også Jacobsen gav ut fleire USA-kritiske dikt.

*Gate i Saigon, Vietnam, i 1975.
Foto: NTB / Scanpix*

Meisteren for metaforar



Rolf Jacobsen les egne dikt (1993).

Foto: Jon Eeg / NTB / Scanpix

☞ Då Rolf Jacobsen debuterte tidleg i 1930-åra, var samtidslyrikken dominert av ein pompøs og høgstemd tone. Motiva var gjerne såkalla sentrallyriske – diktarane tematiserte dei evige spørsmåla om «livet, døden og kjærleiken». Jacobsens lyrikk bydde på noko heilt anna. Orda han

valde, var kvardagslege, enkle og direkte, og forma var fri.

☞ Å skrive dikt utan rim og rytme var for så vidt ikkje noko nytt. Tida då slike «snakkedikt» provoserte og sjokkerte lesaren, var over. Likevel var det noko heilt nyskapande over diktinga til Jacobsen. I tillegg til det klare brotet med den pompøse tonen var det motiva og biletbruken som vekte oppsikt. Aldri hadde ein norsk lyrikar i så stor grad drege inn den moderne verda i tekstane sine. Trikkar, bussar, telefonleidingar og kloakksystem – alt den moderne verda førte med seg av teknologiske nyvinningar, brukte Jacobsen i lyrikken sin.

Bruken av kontrastar og bilete

☞ Jacobsen bruker ofte kontrastar i dikta sine – det er natur mot kultur, jord mot jern. Men dei poetiske bileta byggjer bru over motsetningane og skaper samanheng. Når Jacobsen for eksempel samanliknar undergrunnsbanen med ein meitemakk som ålar seg rundt under jorda, set han saman natur og kultur – han syner oss at både menneske, dyr og maskinar er del av den *same* røyndommen, den same verda.

☞ Metaforane og symbola til Jacobsen er enkle, tydelege og kvardagslege. Mange av tekstane hans er i tillegg komponerte på ein måte som minner om ein fortruleg samtale. Det er denne opne, inkluderande og likeframme stilen som har gjort Jacobsen til ein så folkekjær lyrikar.



Foto: Helge Sunde / Samfoto / Scanpix

Store kontrastar og stille samtalar

☛ Gjennom heile forfattarskapen var Jacobsen oppteken av motsetninga – og samanhengen – mellom natur og kultur. Men haldninga hans endra seg over tid. I diktsamlingane han gav ut før krigen, ser vi innimellom stor fascinasjon for teknologi og maskinar. I samlinga *Fjerntog*, som kom ut i 1951, fokuserer han meir på naturen enn kulturen, og mot slutten av forfattarskapen er han meir kulturkritisk – her tematiserer han øydeleggingane som maskinar og sivilisasjon påfører naturen.

☛ Ein annen sentral tematikk i Jacobsens forfattarskap er kontrasten mellom *samtale* og *togn*. I dikta sine fører han ofte filosofiske samtalar med både fysiske og abstrakte gjenstandar. Han samtalar med jorda, med bussen, med anten-

ner og gravemaskinar. Men samstundes etterlyser Jacobsen det tagale, og det er to typar stille han skriv om. På den eine sida har vi den gode stilla der vi lyttar til naturen rundt oss, stilla der vi høyrer at «myrstrå vipper». Og så er det den vonde stilla. Det er den stilla det moderne samfunnet har ført med seg. I mylderet av alt og alle som snakkar til oss, har vi menneske mist evna til å snakke *med* kvarandre.

☛ Det finst også andre tematiske perspektiv hos Jacobsen. Han har skrive fleire såkalla metadikt – tekstar som tematiserer dikt og dikting. Jacobsen har også gitt ut fleire reisetekstar og dikt om kjærleik, samliv og sorg. I den siste utgivinga hans, *Nattåpent* frå 1985, skriv han mykje om kjærleiken til den avlidne kona si. I desse sorgdikta minnest og lengtar han tilbake til ei tid som ikkje lenger eksisterer.

